



Teknisk forvaltning

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/1042 - 18/5958

Saksbehandlar:

Ingrid Didriksen

ingrid.didriksen@radoy.kommune.no

Dato:

17.04.2018

Søknad om dispensasjon frå arealformål i reguleringsplan på gnr. 45 bnr. 1 fnr. 54

Det ligg føre ein politisk bestilling på å få på plass ein midlertidig klasseroms løysing til Manger barneskule. Dette er på grunn av auka elevtal ved skulen og det er planlagt ein paviljong med tre klasserom. Radøy kommune ønskjer å plassere denne paviljongen på tomten bak skulen 45/1/54. Denne tomten er i dag regulert til friområde i kommunedelplan for Radøy og i reguleringsplan for Kyrhovden (PlanID 12601989000300). Radøy kommune ved teknisk drift søker derfor dispensasjon frå dette arealformålet.

Paviljongen er eit midlertidig tiltak med tenkt varighet på to år. Tiltaket vil ikkje føre til store terrenginngrep då staden paviljongen er tenkt plassert er relativt flatt. Det vil vere nødvendig å planere arealet, men inngrepet er ikkje av varig karakter. Paviljongen vil også verte tilkople offentleg vatn og kloakk. Det går i dag ein sti gjennom dette området, men stien vil oppretthaldast i den perioden paviljongen eventuelt vert ståande her.

Det er få alternative lokaliteter for paviljongen i nærleik av skulen, og den framlagte i denne dispensasjons søknaden verkar å vere den som er best tilpassa samfunnsinteresser. Delar av tomta er i dag brukt som leikeareal av Manger barneskule og denne plasseringa ligg bra til både for tilkomst frå skulen og bruk av dette leikearealet.

Med helsing

Ingrid Didriksen
Prosjektleder

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Kopi til:

Einar Færø

Mottakarar:

Teknisk forvaltning